

Bok på 1-2-3

Den mystiske krukka

Av Solveig Blindheim Bendixen

Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk, samfunnsfag, naturfag og kunst og handverk. I tilleggsoppgåvene er også musikk teke med. Det er teke utgangspunkt i kompetansemål etter 4. trinn, og dei tverrfaglege temaa i LK20 er vektlagde i ressursen.

Tid: 130 minutt (pluss tilleggsoppgåvene)

Tore vil så gjerne vere venn med Preben, og han ønskjer seg så eit telt slik at han kan vere med Preben på telttur. Men Tore har ikkje pengar til å kjøpe telt, og han kan ikkje spørje foreldra heller. Forelda til Tore er skilde, og Tore bur saman med mora si. Ein dag har mora til Tore med ei krukke ho har fått. Krukka er dekorert med våpenskjold, og sidan mora synest krukka er kjempestygg, får Tore lov til å kjøpe krukka av henne for 200 kroner. Tore startar å undersøke krukka nærare. Kanskje krukka er frå mellomalderen? Og kan krukka vere verd noko? Tore startar å jakte på svar, og jakta fører han både til skumle antikvitetshandlarar og til nasjonalmuseet i Skotland.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finn fram boka.
- Skriv ut malane til våpenskjolda. Kopier opp slik at det er om lag fem av kvar mal, og klipp ut malane.
- Finn fram stive ark eller papplater. (Sponplater kan også brukast, men dei må skjerast ut på førehand og krev meir tid).
- Finn fram aluminiumsfolie, lim og teiknesaker/målesaker. (Ev. lêr- og stoffbitar, farga ark, garn/bomullstråd, brus korkar i metaltall, hammar og treplater).



Formål

Norsk

- lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven.
- utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk.

Kunst og handverk

- gjennomføre kunst- og designprosessar ved å søkje inspirasjon, utforske moglegheiter, gjere val og lage eigne produkt.
- tolke former og symbol frå ulike kulturar og bruke desse i visuelle uttrykk.
- formidle og vise fram eige arbeid gjennom utstilling.



1 Før lesing

(10 minutt)

Samtale

Sjå på framsida.

- Kva trur de boka handlar om?
- Kva ser de på biletet?
- Kvar kjem alle tinga på bileta frå? (Dei strøymar ut frå krukka).
- Kven har skrive boka?

Snakk om orda nedanfor:

- **rustning** (Riddaren hadde på seg rustning for å beskytte kroppen sin mot våpen frå fienden. Laga av hardt metall).
- **skjold** (Kan vere trekanta, runde eller firkanta. På baksida er det eit handtak som riddaren held i. Skjolda er laga av metall eller hardt tre, og dei skal verne riddarane mot å bli trefte av sverd og spyd).
- **borg** (Stort slott / festning / bygning. Borgene vart ofte bygde på plassar det var vanskeleg for fienden å kome til. Som t.d. i bratt terreng eller på øyer i sjøen).
- **lanse** (Eit langt spyd, som også vart rekna som riddaren sitt farlegaste våpen).

(Kjelde: www.snl.no)

Formål (framhald)

Samfunnsfag

- utforske kulturminne og korleis menneska levde i den tida kulturminna er frå, og samanlikne med korleis vi lever i dag.
- reflektere over samanhengen mellom personleg økonomi og forbruk hos den enkelte.
- reflektere over kven som har makt, og kva eit demokrati er, og utvikle forslag til korleis ein kan vere med på å påverke avgjerder.

Naturfag

- samtale om kva fysisk og psykisk helse er, og drøfte korleis livsstil og trivnad påverkar helse.
- utforske og samanlikne korleis ulike dyre- og planteartar har tilpassa seg miljø og levestader, og drøfte kvifor nokre artar døyr ut.

2 Lesing

(60 minutt)

Les utdraget frå side 3 til 64. Det kan vere lurt å fordele lesinga utover i bolkar. Eit tips kan vere å ha boka som høgtlesingsbok medan elevane et maten sin. Utdraget er på ni korte kapittel, og det er ingen bilete i boka. Om ein vil lese heile utdraget i eitt, tek det om lag 60 minutt.

3 Etter lesing – del 1 og 2

(30 minutt)

Samtale og geografi (om lag 10 minutt)

- Tore ønsker å kjøpe eit telt. Kvifor?
- Kva har mora fått av politimeisteren?
- Kva synest mora om krukka, og kva gjer ho med henne?
- Kven meiner de er den rette eigaren av krukka? Kvifor?
- Kva bør skje med pengane dersom krukka vert seld? Kven bør få dei? Bør dei delast? Grunnge svaret.
- Kva følelsar fekk Tore då mora sa at ho hadde teke sparepengane hans for å kjøpe sko til seg sjølv?
- Kva ville de ha følt dersom de hadde opplevd det same?
- Kvifor vil ikkje faren til Tore gje han pengar slik at han kan kjøpe seg eit telt? (Faren og Britt treng nye sykklar).
- Mora og faren til Tore lyg. Når gjer dei det?
- Begge seier dei har avtale med nokon som vil kjøpe krukka.
- Mora seier ho og Tore skal besøke nokre venner når ho i staden har bestilt flybillettar til Skottland.
- Mora sender melding til skulen og seier Tore er sjuk når han ikkje er det.
- Er det greitt å lyge?

Finn eit kart over Europa. Finn desse punkta på kartet:

- Noreg
- Bergen
- Skottland
- Edinburgh

Skriveoppgåve (om lag 20 minutt)

Sjå på biletet https://unsplash.com/photos/cxLVYe_z6fI

Skriv ein tekst på nynorsk om slottet/borga. Du kan ta utgangspunkt i punkta nedanfor. (Om det er vanskeleg å skrive ein tekst, kan elevane skrive setningar om det dei ser på biletet).

- Kven bur eller har budd i slottet?
- Kor ligg slottet?
- Kva kan ha skjedd i slottet?
- Korleis ser slottet ut?
- Korleis trur du det er inne i slottet?



3 Etter lesing – del 3

(30 minutt)

Lag eit våpenskjold (kunst og handverk)


Utstyr:

- Papp eller stivt papir (ev. sponplate)
- Skrive- og teiknesaker/målesaker
- Lim
- Aluminiumsfolie, ev. lær- og stoffbitar, bruskorkar i metall
- (Hammar og treplate)

Slik gjer du:


- Bestem deg for kva form du vil ha på våpenskjoldet ditt.
 - Legg malen for våpenskjoldet på eit stivt ark eller ei papplate.
 - Klipp ut forma.
 - Dekorér skjoldet slik du vil.
- Bruskorkar: Bank bruskorkane flate med ein hammar. Pass på at du har ei treplate under korken slik at du ikkje slår rett i bordet. Ev. kan korken bankast flat ute.
 - Lær- og stoffbitar: klipp ut bitar/former og lim på skjoldet. De kan også lage ei lær-reim å montere på baksida som eit handtak.
 - Garn/bomullstråd: Lag remser med fingerheklings og monter dei på våpenskjoldet. Desse remsene kan formast til ulike mønster. Kanskje ein drake eller ei sol? Fingerheklingsa kan også verte til ei reim på baksida av skjoldet.
 - Aluminiumsfolie: Skjoldet kan ev. bli dekt med aluminiumsfolie. Då vil det sjå ut som om det er laga av metall.

Tips: Dersom ein lagar våpenskjoldet av papir, kan ein blande litt kaffi med vatn og dynke og tørke papiret etterpå. Det vil vere med på å få våpenskjoldet til å sjå gammalt ut.




Døme på våpenskjold. Illustrasjon: R.S. Nourse (cc BY-SA 3.0)


MAL FOR VÅPENSKJOLD




MAL FOR VÅPENSKJOLD



MAL FOR VÅPENSKJOLD



MAL FOR VÅPENSKJOLD



4 Tilleggsoppgåver (samtale og samarbeid)

Kva for fuglar blir nemnde i boka? (Læraren noterer på tavla etter kvart).

Nokre fuglar er trekkfuglar, og nokre er standfuglar. Kva tyder desse orda?

(Standfuglar held seg i same landet heile året. Dei tilpassar seg årstidene og endrar mattype alt etter kva som er tilgjengeleg. Trekkfuglar reiser sørover til varmare strok om hausten, og kjem tilbake til m.a. Noreg når det blir vår).

Nokre fuglar er rovfuglar. Kva tyder det? (Rovfuglar er andre fuglar og dyr).

Del ut arket med oversikta over fuglane frå boka.

Samarbeid to og to, og del fuglane frå lista inn i standfugl og trekkfugl. Lag ei digital oversikt, eller bruk malen som de finn etter arket med fuglelista.

Fasit til læraren:

Trekkfugl	Standfugl	Rovfugl	Husdyr
Gauk Svale Linerle Vaktel (i fasanfamilien) Måke Due	Sporv Blåmeis Spettmeis Kråke Rype	Ørn Gribb Ugle Hauk Falk (Rovfuglane er også standfuglar).	Høne

Ekstra, om de vil:

Her er nokre artiklar som handlar om fuglar.

<https://framtidajunior.no/2022/01/22/denne-fuglen-flyg-fra-noreg-til-sahara-orkenen-utan-pause/>

https://www.barneblad.no/blogs/news/no-kjem-fuglane?_pos=1&_sid=1a3360176&_ss=r

Musikk:

Gå inn på <https://www.tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar/> og lytt til og lær songane nedanfor.

- Fuglane
- Småsporven gjeng i tunet

Fuglane frå boka

Ørn

Due

Spettmeis

Linerle

Måse

Kråke

Svale

Gauk

Falk (jaktfalk, vandrefalk)

Ugle

Hauk

Rype

Gribb

Sporv

Blåmeis

Vaktel

Høne

Tabell til fuglesorteringa

Trekkfugl	Standfugl	Rovfugl	Husdyr

4 Tilleggsoppgåver

(samfunnsfag og kunst og handverk)

Samfunnsfag: Tidslinje

Teikn ei enkel tidslinje på tavla som går frå 500 og fram til i dag. (Marker 500, 1000, 1500, 2000, «i dag» på tidslinja.

- Mellomalderen i Europa varte frå om lag 500 til om lag 1500.
- Rekn ut kor mange år ein seier at mellomalderen varte. (1000 år)

Kunst og handverk: Lag di eiga rustning / din eigen hjelm

Utstyr:

- Aluminiumsfolie
- Tynn ståltråd, t.d. blomstertråd
- Nål og sytråd

Her finn de bilete av ei rustning og ein hjelm:

<https://unsplash.com/photos/uxNNL8Nc-fo>

<https://unsplash.com/photos/g1owjpIcPFo>

Teikn (og dekorer) ei krukke eller ein riddar.

